



Alver kommune ved Plan og analyse
Kristin Nåmdal
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8967 - 21/88245

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.12.2021

Oversender søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl § 1-8 for etablering av ny fritidsbustad til utfale - gbnr 336/74 Ådland nordre

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 336/74
Tiltakshavar: Aase Midtun
Ansvarleg søkjar: Aase Midtun

Tiltaket

Saka gjeld søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av fritidsbustad nr. 2 på eigedomen gbnr 336/74 på Ådland nordre.

Ny fritidsbustad har eit moderne uttrykk med flatt tak. Bygd areal er opplyst til 88 m² og bruksarealet er opplyst til 58,3 m². Eksisterande fritidsbusad vart oppført på 1960-talet og har eit bygd areal opplyst til 40 m² og eit bruksareal opplyst til 30 m². Utnyttingsgrada er opplyst til 6,1 % BYA.


Eigedomen ligg på ei øy på Nordre Ådland. Det er opplyst i søknaden at eigedomen har vegrett og parkeringsrett på eigedomen gbnr 336/3 til kai der det er båt plass i flytebrygge. Det er oppført ein mindre kai på fritidseigedomen som vart godkjend i 2002.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland, planid 1256-20190001, sin arealdel er definert som LNF-føremål. Eigedomen er omfatta føresegnene som gjeld for bygd fritidseigedom med status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf. tabell 9.2 og føresegn 3.2.2.

Oppføring av ny fritidsbustad på eigedomen er ikkje i samsvar med føresegn 3.2.2 og tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå LNF-føremålet. I tillegg krev tiltaket dispensasjon frå pbl § 1-8, det generelle byggeforbodet i strandsona.

Situasjonsplan og teikningar



Plankart



VURDERING

Søknaden er ikkje fullstendig og kommunen vil etterspørja ytterlegare dokumentasjon knytt til kotehøgde, nabovarsel og veg, vatn og avløp. Vi finn likevel saka tilstrekkeleg opplyst til å senda søknaden om dispensasjon på høring.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

